

## SAK 45/20 HØYRINGSUTTALE REGIONAL PLANSTRATEGI

### Saksopplysing:

Viken fylkeskommune har starta arbeidet med regional planstrategi for Viken 2020 – 2024, «Veien til et bærekraftig Viken». Fylkesrådet i Viken handsama forslag til regional planstrategi i møte 25. juni 2020 og det vart fatta vedtak om å sende forslaget til høyring og legge det ut til offentlig ettersyn.

Planar, strategiar og vedtak må bygge på eit oppdatert og grundig kunnskapsgrunnlag. «Vi i Viken» er ein grundig analyserapport om tilstanden i Viken fylke. Rapporten er organisert etter FNs 17 berekraftsmål. I tillegg består kunnskapsgrunnlaget av to ekspertrapportar og ein omfattande statistikkbank, som gir innsikt og oversikt over ei rekke sentrale samfunnsområder.

[Kunnskapsgrunnlaget Vi i Viken \(PDF, 34 MB\)](#)

[Rapporten «Viken og delregionene – samfunnsutvikling og bærekraft, utfordringer og muligheter» \(PDF, 10 MB\) \(PDF, 10 MB\)](#)

[Rapporten «Kommuneregioner og regionråd i Viken» \(PDF, 4 MB\) \(PDF, 4 MB\)](#)

[Se også statistikkbanken for Viken](#)

Viken fylkeskommune har gjennomført ein omfattande medverknadsprosess i arbeidet med planstrategien. Dei ønskjer å høyre kva innbyggjarane i Viken meiner er viktig. Det har vore møter med alle regionråd i fylket, med kommunar, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, partane i arbeidslivet og innbyggjarar. På grunn av Covid-19 måtte fleire planlagde besøk og arrangement avlystast, men det er likevel gjennomført 59 møter med Viken-samfunnet. Ved hjelp av digitale verktøy har ein fått til ein brei involveringsprosess i perioden med nasjonale restriksjonar og samla fått inn over 1500 innspel til planstrategien.

Regional planstrategi viser korleis ein saman skal utvikle det nye fylket til en bærekraftig region. Planstrategien tek opp viktige tema som klima og miljø, livskvalitet, utdanning, arbeidsliv og kultur, og gjer greie for regionale utviklingstrekk, fastset langsiktige samfunnsmål og prioriterer kva spørsmål Viken-samfunnet skal behandle i vidare regional planlegging. Formålet er å få alle gode krefter til å sette en felles kurs for utviklinga i fylket.

Regional planstrategi er det einaste lovpålagte dokumentet for planlegging på regionalt nivå etter plan- og bygningslova (pbl §7-1). Det er Fylkestinget i Viken som vedtar regional planstrategi. Det skal skje 17. des 2020.

I høringssvaret ønskjer Viken innspel på følgjande:

- Er dei langsiktige utviklingsmåla med på å gi ein tydeleg og helheitleg retning for samfunnsutviklinga i Viken?
- Samsvarar måla for de ulike innsatsområda med de regionale utfordringane og mulighetene i Viken, slik du/de opplever dei?
- Samsvarar forslag til nye regionale planer i Viken med vikensamfunnet sine utfordringar og muligheter, og er tema i de regionale planane relevante?
- Har du/de andre merknader eller kommentarar?

Frist for å komme med uttale er 25. september 2020.

## **Hovudinnhald:**

Planstrategien er delt i tre hovuddelar:

Del 1 Innleiing: Metode, FNs berekraftsmål, regionale utviklingstrekk

Del 2 Langsiktige utviklingsmål og mål for innsatsområder

Del 3 Planbehov

## **Målstruktur:**

Regional planstrategi har fem langsgiktige utviklingsmål som gir eit framtidsbilete av korleis ein ønskjer at Viken skal sjå ut i 2030. På nivået under utviklingsmål er det skissert seks innsatsområde. Dette er område som FN tilrår nasjonar og regionar å jobbe med for å få til berekraftig omstilling. Under alle de seks innsatsområda er det utarbeid eigne mål og beskriving av utfordringar og moglegheiter. For kvart innsatsområde er det synliggjort eit sett med verkemidlar og ressursar som skal bidra til at ein når måla og til å sørge for berekraftig omstilling. Disse verkemidlane og ressursane ligg i dei 51 kommunane i Viken, i regional stat, i forskingsmiljø, utdanningsinstitusjonar, næringsliv, interesseorganisasjonar og hjå den enkelte innbyggjar.

## **Utviklingsmål**

Regional planstrategi definerer fem langsgiktige utviklingsmål for Viken:

1. Natur, klima og planetens tålegrense
2. God livskvalitet og like muligheter
3. Grøn og rettferdig verdiskaping
4. Omstilling og tillit
5. Saman skaper vi Viken

## **Innsatsområde**

Beskriv utfordringar og mål som skal syte for at Viken skal bli et berekraftig samfunn:

1. Livskvalitet, velferd og like muligheter
2. Berekraftig og rettferdig økonomisk system
3. Berekraftig arealbruk, matproduksjon og ernæring
4. Redusert klimagassutslepp og energiomlegging
5. Heilheitleg by- og tettstadsutvikling
6. Miljø, økosystem og biologisk mangfold

## **Planbehov**

Planlegging, nettverk og partnarskap er viktig for å samordne verkemidlar, løyse utfordringar og utnytte muligheter. Korleis dette skal gjerast blir omtalt i avsluttande del «Planbehov for Viken» Plansystemet skal bidra til å nå måla som er omtala i del 2.

RPS seier at det er behov for 3 nye regionale planar:

1. Auka livskvalitet, deltaking og likeverd
2. kompetanse og verdiskaping,
3. Areal og mobilitet

**Vurdering:**

Hovudinntrykket er at mål og innsatsområde i Viken fylkeskommune sin regionale planstrategi samsvarar godt med den modellen og den tankegangen som me har nytta i samband med revidering av strategisk plan i Hallingdal, sjølv om strategien er veldig tilpassa det sentrale Viken. Målstrukturen er etter administrasjonen si meinings omfattande, men oversikteleg. Planstrategien er svært overordna, men kjem med konkrete forslag til regionale planar der ein kan konkretisere aktuelle problemstillingar.

For oss i Hallingdal er det viktig at våre regionale utfordringar blir ivaretatt i fylket sine planar. Me har i forslag til uttale peikt på nokre forhold der me meiner at strategien burde vore meir spesifikk og meir distriktsorientert. Me treng andre tiltak i distrikta enn i bystrok og skal me oppretthalde levande bygder i Hallingdal, og i distrikta elles må planane vera spesifikke på dette. Dette gjeld m.a næringsstruktur, nye arbeidsplassar regional areal- og transportstrategi, samt demografiske spørsmål.

Med folketalsnedgang i distrikta og i fjellregionane, bør ein vurdere eigne strategiar og tiltak for å bøte på dette. Vil me ha levande lokalsamfunn i heile Viken, treng me ein eigen regional distrikts- eller «fjellpolitikk»

**Forslag til uttale:****Mål og innsatsområde:**

Regionrådet for Hallingdal ser på høyringsforslag til regional planstrategi «Vegen til eit bærekraftig Viken», som eit godt grunnlag for arbeidet med Viken-samfunnet sine utfordringar og mogelegheiter, på eit overordna nivå. Regionrådet for Hallingdal meiner likevel at planstrategien må ha ein tydlegare distriktsprofil slik at det i større grad samsvarar med våre utfordringar. Me vil i det etterfølgjande peike på nokre sentrale moment som blir vurdert som viktige for Hallingdal, i ei regional utvikling:

1. Regional planstrategi skal famne heile fylke. Det er svært viktig at Viken, med sitt store mangfold, utarbeider mål, strategiar og planar som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Viken står overfor. Døme: Berekraftsmåla og dei ambisiøse klimatiltaka som følgjer av desse, er i stor grad retta mot sentrale strok. Regionrådet i Hallingdal meiner at ein for å nå måla om utsleppsreduksjon, må det arbeidast konkret med lokale og nasjonale tiltak i distrikts-Noreg, slik at heile landet kan bidra i klimadugnaden.
2. Ei av hovudutfordringane for distrikta/Hallingdal er nedgang i folketal og eit for einsidig næringsliv. Sjølv om bustadattraktiviteten er høg, kan arbeidsplassattraktiviteten vera låg. Dette har m.a. samanheng med liten variasjon i næringslivet, små fagmiljø og for låg del arbeidsplassar med krav til høgare utdanning. Regionrådet for Hallingdal vil her peike på noko av hovudkonklusjonane i NOU 2011:3 «Kompetanse-arbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet»: «Utvalget mener at en jevnere geografisk fordeling av veksten i kompetansearbeidsplasser kan gi samfunnsøkonomisk gevinst ved økt ressursutnyttelse og høyere verdiskaping». I ein eventuell regional plan for «Kompetanse og verdiskaping» bør dette vera tema.

For Hallingdal det avgjerande å ha gode vidaregåande utdanningsstilbod, slik som det er i dag. Både for å gje elevane eit så godt tilbod som mogeleg, men og for å vera attraktive som bustad for barnefamiliar. Relativt sett er gode tilbod innan vidaregåande utdanning kanskje viktigare for regionar som Hallingdal, der det er svært avgrensa tilbod utover vidaregåande skule, enn for meir bynære områder. For å sikre tilgangen til kompetent arbeidskraft for næringslivet i distrikta, er det behov for eit fleksibelt etter- og vidareutdanningstilbod i regi av universitet, høgskule og fagskulane, som møter det lokale og regionale næringslivet sine behov. Norsk reiselivsfagskole på Geilo er eit godt døme på eit utdanningstilbod tilpassa næringslivet, sentralt i forhold til næringa. Regionrådet for Hallingdal ber om at Viken fylkeskommune held fram satsinga på utdanningstilbod i Hallingdal.

3. I pkt. 4.3 «Samarbeid på tvers av fylkesgrenser» er det spesielt framheva: «Det vurderes et tett samarbeid med regioner og fylker som grenser til indre og ytre Oslofjord for å følge opp regjeringens helhetlige plan for Oslofjorden.» Regionrådet for Hallingdal vil her peike på at Viken også må tenkje på det viktige samarbeidet med Vestland, spesielt når det gjeld samferdsel og reiseliv. Samarbeid om Bergensbanen og hovudvegar aust – vest må tydeleggjerast og forsterkast. Desse heilt sentrale kommunikasjonsårene stoppar ikkje ved vasskilje.
4. Viken skal serve eit fylke med store forskellar, ulike mogelegheiter, men med eit betydeleg vekstpotensial. Det er heilt sentralt at Viken legg til rette for vekst i alle delar av fylke. Dette vil krevja særeigen kunnskap om kva rammer som gjev dei beste føresetnadane for tenesteproduksjon tilpassa bymessige strøk og for distrikta. Ein føresetnad for regionreforma er nettopp å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, ut frå regionale fortrinn, føresetnadar og prioriteringar. Regionreforma sin ambisjon om å forsterke fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar vil måtte utfordre på organisering og løysingar. Ei oppskalering utan å tenkje nytt vil vera lite framtdsretta og fornyande. Regionrådet i Hallingdal meiner at om ein ønskjer levande lokalsamfunn i heile Viken, treng me ein eigen regional distrikts- eller «fjellpolitikk».

### **Planbehov**

Regionrådet i Hallingdal meiner at forslag til regionale planar er i tråd med skisserte utfordringar

Hallingdal 22. sept 2020

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

Vedlegg: Link til Høyringsdokumentet  
[https://viken.no/\\_f/p1/i34d0f3a8-2ec8-4725-8bf2-c6cc04e6e50b/horingsutkast-til-regional-planstrategi-2020-2024-veien-til-et-barekraftig-viken.pdf](https://viken.no/_f/p1/i34d0f3a8-2ec8-4725-8bf2-c6cc04e6e50b/horingsutkast-til-regional-planstrategi-2020-2024-veien-til-et-barekraftig-viken.pdf)